

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Reidun Elin Johannessen	FA - A10, FA - A20	17/760

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
75/2017	Utval for levekår	PS	28.11.2017
119/2017	Kommunestyret	PS	13.12.2017

Årleg rapport om tilstanden i grunnsopplæringa (læringsresultat og læringsmiljø) 2016-2017

Vedlegg:

Tilstandsrapport for grunnskulen i Meland 2016-2017

Årsmelding 2016-2017 - Rosslund skule

Årsmelding 2016-2017 - Meland ungdomsskule

Årsmelding 2016-2017 - Vestbygd skule

Årsmelding 2016-2017 - Grasdal skule

Årsmelding 2016-2017 - Sagstad skule

Arbeidsnotat frå dialogmøte i Utval for levekår

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Som ein del av skuleigar sitt oppfølgingsansvar (etter opplæringslova § 13-10) skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar dvs. kommunestyret.

Kommunen deltek i utviklingsprogrammet «*Den gode skule- og barnehageeigar*». Formålet er å styrke dialogen mellom dei ulike nivåa i kommunen.

«Å skape dialogarenaer tilrettelagt for innovasjon, felles kunnskapsutvikling og læring er viktig» (Hvordan lykkes som skoleeier? Kom nærmere!, 2010).

Utval for levekår legg i år opp til eit dialogmøte der rektorane, Utdanningsforbundet og styrar i kommunal barnehage vert invitert inn. Formålet er å konstruere felles meining (tanke) om tilstanden i skulen, og om dei innsatsområda som vil kunne bidrag til betre læringsresultat og læringsmiljø.

Utvalsmedlemmene og inviterte deltakarar vert utfordra til å reflektere over følgjande spørsmål. Med utgangspunkt i vedlagt tilstandsrapport for skule (2016-2017):

- Kva er Meland-skulen sin styrke når du ser på a) mål b) innsatsområder og c) system for oppfølging?
- Kva tenkjer du Meland-skulen kan bli betre på?

Spørsmåla dannar utgangspunkt for dialogen i Utval for levekår tysdag 28.november 2017.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret drøftar rapport om tilstanden i grunnopplæringa, knytt til læringsresultat og læringsmiljø»

Utval for levekår - 75/2017**ULK - behandling:****Avrøysting:**

Endringsframlegget frå Stian Lavik (Krf) fekk **6 røyster for og 0 røyster mot** (1 Sp, 1 Krf, 1 AP, 1 H, 1 Uavh. og 1 MDG), og vart **samrøystes vedteke**.

ULK - vedtak:

Kommunestyret tek rapport om tilstanden i grunnopplæringa, knytt til læringsresultat og læringsmiljø til vitande. Ein viser vidare til viktigheita av å halda fram satsinga på valde mål og innsatsområde.

Kommunestyret - 119/2017**KS - behandling:****KS - vedtak:**

Kommunestyret tek rapport om tilstanden i grunnopplæringa, knytt til læringsresultat og læringsmiljø til vitande. Ein viser vidare til viktigheita av å halda fram satsinga på valde mål og innsatsområde.